

## GJENNOMFØRINGSPLAN VOSS GYMNAS

### Verket :

**FURU.** Motivet i mi utsmykking er furutreet. Dette høgreiste treet som prydar det norske landskapet frå nord til sør, frå lågland og høgt til fjells. Noko vi er kjende med og noko som biletmessigt har tak i både jord og himmel. Vekst og liv. Furutrea står sterkt og vernande om skulen og elevane som går der.

### EG VIL FLYTTE FURA INN PÅ SKULEN.

Eg skal laga utsmykking på ledeveggen og bakveggen i kantina.

På ledeveggen vert der 4 verk

I kantina vert der 3 verk i elevkantina og 4 verk i lærarkantina

**Eg brukar eit forløp med bilete av furua på ymse vis. Nokre gonger vert ho vist som heile treet. andre gonger som delar av treet, og igjen, andre gonger som detaljar.**

**Ledeveggen** vert måla i ein varm raud farge. KEIM silikatfarge. Utsmykkinga vert monterer på den øvste del av veggen.

Motivet her er detaljar av furutreet. To former blir speglvende og dannar eit forløp på veggen.

Formene blir skorne i akryl, og på baksida blir dert frest inn spor til ledlys. Formene blir montert ut

frå veggen og får innbygde ledlys. Lyset vil sive ut frå formene. Vi kan og velje om det vil vere skiftande lys i desse formene.

**I kantina** vert der 2 storleikar på verka. Rektangel: 305 x 152 x10 cm og kvadrat 305 x 305 x10cm.

Høgda på veggen er 340 cm så der blir 35 cm luft over og under biletplata. Verka vil ha ei djupn på

10 cm så der vert front-og bakplater i verka.

Laserskore bjørkekryssfiner blir det materiale eg nyttar mest både som front-og bakplater i verka.

Eit av trea vil eg frese ut og montere med avstand på bakplate. I eit blir treet fjerna i frontplata, så

det blir omrisset som er frontplate. På eit av verka blir frontplata måla som eit maleri med struktur.

Overflata på dei ymse verk blir forskjellig. Nokre blir lasert så trestrukturen blir synleg, andre blir

måla dekkande. Fargane på frontplate, bakplate og laserskjeret skal det arbeidast med slik at heile

installasjonen framstår som eit verk der fargane gjentek seg over flata, men også med overraskingar fargemessig. Eg nyttar Golden Artist Colors til verka.

## **Kunstnaren sine hovudaktivitetar knytt til skapinga av Verket**

Utskjeringane av finér - og akrylplatene vert laserskårne eller CNC fresa av firma eg samarbeidar med i Danmark. Arbeid med sliping, lasering og måling vert utført av meg. Montering av front og bakplatene til innråma verk vert utført av meg saman med ein snikkar.

## **Oppdragsgjevar eller andre sine aktivitetar som skapinga av Verket er avhengig av**

**Kva kan dette vera?**

## **Budsjett og framdriftsplan**

Utsmykkinga vert ferdigstillt for kontraktsummen nok: 650.000,00

Etter godkjenning frå kunstutvalet og kunstnarleg konsulent har eg fått utsett ferdigstilling til marts månad 2017.

## **Krav til monteringsstaden, inkludert byggetekniske føresetnader**

Utsmykkinga på ledeveggen skal ha montert el. til lyssetting av dei 4 verka. Dette gjerast i samarbeid med arkitekten og er på bygnaden sin kostnad.

Utvalet føreslår å belyse heile veggen enn å ha belysning inne i verka. Ei jamn belysning over heile veggen – «wallwasher» - vil fungere best. Dette må det leggast opp for i himling. Lyset bør kunne justerast i styrke.

## **Kunstnaren si vurdering og konklusjon med tanke på gjennomføring**

Gjennomføring av mi utsmykking vil foregå i to omgongar. I Danmark vil eg lage alle verka på 305 x 152 x 10 cm ferdige og frakte dei til Noreg. Om det vert med bil / båt er enno ikkje avklåra.

Verka 305 x 305 x 10 vert laga i Danmark men lyt ferdigstillast i Noreg. Til dette treng eg eit arbeidsrom der dette kan utførast.

Om dette kunne skje på Voss Gymnas ville det vera det beste. Om ikkje spør eg om hjelp til å finna eit arbeidsrom til meg på Voss i ei til to veker.

København 15. Oktober 2016



Billedkunstner Britt Smelvær  
Bartholinsgade 7.3.tv  
DK 1356 København K.  
mob:27328520  
mail:[brittsmelvaer.dk](mailto:brittsmelvaer.dk)  
[www.brittsmelvaer.dk](http://www.brittsmelvaer.dk)